



VINDAFJORD
KOMMUNE

Revidert - vedtatt av kommunalsjef oppvekst 30.06.21

Ordensreglement Vindafjordskulen



Innhold

Innhold	2
1. Lovheimel	3
2. Formål med ordensreglement.....	3
3. Verkeområde	3
4. Åtferd.....	3
5. Undervisningssituasjonen.....	3
6. Eigedom	3
7. Mobiltelefon og klokke med meldingsfunksjon	4
8. Konsekvensar ved brot på ordensreglementet	4
9. Lokale konkretiseringar	4



1. Lovheimel

Ordensreglementet er heimla i:

Opplæringslova, § 2-9:

"Kommunen skal gi forskrifter om ordensreglement for den enkelte grunnskolen. Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om åtferd, reglar om kva tiltak som skal kunne brukast mot elevar som bryt reglementet og reglar om framgangsmåten når slike saker skal behandlast."

Kommunestyret har delegert vedtaksretten i §2-9 til kommunedirektøren, som har delegert vidare til rektor ved skulen å handsame saker etter ordensreglementet.

Punkt 1-8 gjeld for alle skulane i Vindafjord. Den einskilde skulen kan i tillegg ha utfyllande reglar, tilpassa lokale tilhøve (Punkt nr. 9).

2. Formål med ordensreglement

For at "Alle elevar i grunnskolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring"

For å fremma slike verdiar, og for å oppnå eit godt læringsmiljø for elevane, er det viktig å ha klare rammer.

3. Verkeområde

Ordensreglementet gjeld i skuletida, i SFO, i leksehjelpordningar, på skulevegen og ved tilstellingar under leiing av skulen.

4. Åtferd

Alle skal visa omsyn og respekt for andre og eigendelane deira, slik at ein ikkje skadar, sårar eller er til plage for medelevar eller andre personar på skulen.

Det er ikkje lov å bruka eller ta med nokon form for rusmidlar på skulen.

5. Undervisningssituasjonen

Alle skal visa omsyn og respekt for andre og eigendelane deira, slik at ein ikkje skadar, sårar eller er til plage for medelevar eller andre personar på skulen.

Det er ikkje lov å bruka eller ta med nokon form for rusmidlar på skulen.

6. Eigedom

Alle har rett til å ha tinga sine i fred. Skade på eigedom kan måtta reparerast eller erstattast.



7. Mobiltelefon og klokke med meldingsfunksjon

Mobiltelefon og klokke med meldingsfunksjon skal ikkje nyttast i skuletida og SFO. Tilstett kan gi unntak i samband med undervisning.

8. Konsekvensar ved brot på ordensreglementet

1. Samtale med eleven
2. Mobiltelefon kan bli dregen inn og oppbevart til slutten av dagen. Rusmiddel og farlege gjenstandar som vert tekne inn blir utlevert til føresette om dei ber om det (dette i tråd med retningslinjene til Udir).
3. Melding heim, skriftleg eller munnleg. Eleven skal vera orientert ved melding eller merknad.
4. Samtale med elev og foreldre/føresette
5. Eleven kan i ein periode få avgrensa rettar på skulen.
6. Ved gjenteken bruk av mobiltelefon eller klokke med meldingsfunksjon kontaktar skulen heimen.
7. På ungdomsskulen skal det vurderast om brotet fører til nedsett karakter i orden eller åtferd (jmfr. Vurderingskriteria i orden og åtferd).
8. Utvising frå skulen etter gjeldande reglar (jmfr. Opplæringslova §2-10)

"Kommunen kan fastsetje i ordensreglementet at elevar på årstrinna 8-10 som alvorleg eller fleire gonger bryt reglementet, kan visast bort frå undervisninga i inntil tre dagar, og at elevar på årstrinna 1-7 kan visast bort frå undervisninga for enkelttimar eller for resten av dagen.

Rektor sjølv vedtek bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Før det blir gjort vedtak, skal ein ha vurdert å bruke andre hjelpe- eller refsingstiltak. Foreldra til elevar på årstrinna 1-7 skal varslast før det blir sett i verk bortvising for resten av dagen.

Med mindre kommunen fastset noko anna, kan rektor bestemme at lærarane skal ha mynde til å ta avgjerd om bortvising frå eiga undervisning for ei opplæringsøkt, avgrensa til to klokketimar."

ELEVEN HAR RETT TIL Å UTTALA SEG / BLI HØYRT FØR TILTAK VERT SETT I VERK.

9. Lokale konkretiseringar

Ved **Sandeid skule** gjeld i tillegg desse lokale reglane:

Arbeidet på skulen er avhengig av vilje til samarbeid. Gjensidig respekt er heilt nødvendig for at skulen og skullearbeidet skal bli triveleg og godt.



DU HAR BLANT ANNA RETT PÅ

- at alle er høflege og greie mot deg
- at ingen ertar deg
- at sykkelen, ytterkleda, ranselen, elevarbeid eller andre saker får vera i fred
- at det er nødvendig ro og orden i timane

DU HAR BLANT ANNA PLIKT TIL Å

- visa forståing for alle som er på skulen, slik at ingen vert gåande aleine
- vera med å ta godt vare på skulen sin eigedom
- vera med på å halde det fint og ryddig i og utanfor skulen
- halda deg på skulen sitt område i friminutta, og passa dei fastsette tidene

ELLES GJELD DESSE REGLANE

- alle elevar skal vere ute i friminutta, særlege grunnar kan gje unntak
- snøballkasting føregår på tilvist plass og etter avtale
- skulen ønskjer ikkje at elevane syklar på skulen før dei går i 4.klasse
- i skuletida står syklane parkert, me lar andre sine syklar stå i fred
- ein kan bruke sparkesykkel, rullebrett og rulleskeiser på skatebanen. Alle må ha hjelm.
- du har sjølv ansvar for private eigendeler, dersom du tek det med til skulen
- snop og brus tek du berre med når skulen har gitt løyve til det
- det er ikkje lov å ha med farlege reiskapar (kniv, stikkvåpen etc)



BROT PÅ REGLANE

På **Sandeid skule** satsar vi først og fremst på å utvikle eit godt klassemiljø

- dei vaksne skal vere forutsigbare
- unngå opne konfrontasjonar i klasserom
- fokuser på den konkrete hendinga
- la eleven / elevane først fortelje sin versjon av hendinga. Ver aktiv lyttar.

Foreldre/føresette kan bli kontakta ved brot- kvar episode vil bli vurdert individuelt.

VED TRUANDE ÅTFERD / FORHOLD TIL MEDELEVAR:

- avklaring av situasjonen, samtale med alle partar
- ved alvorlege episodar møter involverte rektor, kontaktlærar blir varsla.
- §9a , aktivitetsplan skal setjast i gong

Reaksjonar over for eleven:

- endring av friminutt
- telefon til foreldre/føresette om at eleven må hentast
- ved nokre tilfelle vil elevar sjølve bli bedne om å ringja heim til foreldra/føresette for å forklara situasjonen.



VED TRUANDE ÅTFERD / FORHOLD TIL VAKSNE

Munnlege truslar:

Rektor avtalar møte med foreldre/føresette dersom det er aktuelt.

Reaksjon:

- endring av friminutt
- §9a aktivitetsplan, kontaktlærar følgjer opp

Herverk på EIGEDOM

Meld frå til rektor. Rektor følgjer opp saka. Foreldre/føresette blir varsle.

Skulen pliktar å gjere desse reglane kjend for elevar og foreldre/føresette kvart år.

Sandeid skule 25.8- 21

Anita Jørstad Grindheim

Rektor